



# Årsplan 2020/2021

Espira Finnås barnehage





## Innhold

|                                                                 |   |
|-----------------------------------------------------------------|---|
| <a href="#">Velkommen til Espira Kunnskapsbarnehagen!</a> ..... | 2 |
| <a href="#">Visjonen til barnehagen</a> .....                   | 3 |
| <a href="#">Eit spennande pedagogisk innhald</a> .....          | 3 |
| <a href="#">Mat og måltid</a> .....                             | 4 |
| <a href="#">Om barnehagen</a> .....                             | 4 |
| <a href="#">Kva er ein årsplan?</a> .....                       | 6 |
| <a href="#">Innhold og oppgaver i barnehagen</a> .....          | 6 |
| <a href="#">Barnehagens verdigrunnlag</a> .....                 | 6 |
| <a href="#">Livsmestring og helse</a> .....                     | 7 |
| <a href="#">Barnehagens formål og innhold</a> .....             | 8 |

|                                                                                                                    |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| <a href="#"><u>Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg</u></a> .....                                       | 8  |
| <a href="#"><u>Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek</u></a> .....                                          | 8  |
| <a href="#"><u>Barnehagen skal fremme danning</u></a> .....                                                        | 9  |
| <a href="#"><u>Barnehagen skal fremme læring</u></a> .....                                                         | 11 |
| <a href="#"><u>Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap</u></a> .....                                         | 12 |
| <a href="#"><u>Barns medvirkning</u></a> .....                                                                     | 15 |
| <a href="#"><u>Samarbeid med foreldrene</u></a> .....                                                              | 16 |
| <a href="#"><u>Overganger</u></a> .....                                                                            | 17 |
| <a href="#"><u>Når barnet begynner i barnehagen</u></a> .....                                                      | 17 |
| <a href="#"><u>Overganger innad i barnehagen</u></a> .....                                                         | 17 |
| <a href="#"><u>Overgang barnehage og skole</u></a> .....                                                           | 17 |
| <a href="#"><u>Barnehagen som pedagogisk virksomhet</u></a> .....                                                  | 18 |
| <a href="#"><u>Planlegging</u></a> .....                                                                           | 18 |
| <a href="#"><u>Vurdering</u></a> .....                                                                             | 18 |
| <a href="#"><u>Espira BLIKK</u></a> .....                                                                          | 19 |
| <a href="#"><u>Spireportalen</u></a> .....                                                                         | 19 |
| <a href="#"><u>Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte</u></a> ..... | 19 |
| <a href="#"><u>Barnehagens arbeidsmåter, progresjon og barnehagens digitale praksis</u></a> .....                  | 20 |
| <a href="#"><u>Espiras satsinger på de yngste og de eldste barna</u></a> .....                                     | 20 |
| <a href="#"><u>Småspirene</u></a> .....                                                                            | 20 |
| <a href="#"><u>Barnehagens fagområder</u></a> .....                                                                | 23 |
| <a href="#"><u>Espiras satsingsområder</u></a> .....                                                               | 23 |
| <a href="#"><u>Vedlegg</u></a> .....                                                                               | 25 |
| <a href="#"><u>Espiras standard for når barnet begynner i barnehagen</u></a> .....                                 | 25 |
| <a href="#"><u>Espiras standard for når barnet bytter avdeling</u></a> .....                                       | 26 |
| <a href="#"><u>Skolespira-standard</u></a> .....                                                                   | 27 |

## Velkommen til Espira Kunnskapsbarnehagen!

**Espira vil gi barna ein fantastisk start på livet! Barnehagen skal i nært samarbeid med heimen gi barna ein trygg kvardag prega av meistring, leik, læring og glede. Espira består per 1.3.2020 av 104 barnehagar i rundt 50 kommunar.**

### Kva inneber det at vi er ein kunnskapsbarnehage?

Espira Kunnskapsbarnehagen har som visjon å leie utviklinga av barnehagane i framtida. Det skal vi gjere ved å drive barnehagar med høg kvalitet. Vi trur at ein viktig nøkkel til kvalitet i barnehagen er kompetente tilsette som omset eit forskningsbasert kunnskapsgrunnlag om barn og barndom til god praksis i samspel med barna.

### Visjonen til barnehagen



Visjonen er ei leiestjerne for korleis barna skal ha det i barnehagen, og for kva vi tilsette skal gjere. I Espira skal alle barn bli møtte med positive haldningar og anerkjenning, kvar dag, av alle tilsette.

### Eit spennande pedagogisk innhald

I Espira skal alle barn møte vaksne som viser omsorg, støttar, engasjerer og inspirerer.

Barnesynet til Espira er sjølv hjartet i Espira-barnehagane og handlar om korleis vi ser på barna og rolla vår som vaksne i barnehagen.

*Barn er fylte av fantastiske evner og eigenskapar. Dei søkjer heile tida å skape mening i samhandling med omverda. Barna i barnehagane våre skal oppleve oss som deltakarar i meningsskapinga i eit trygt, omsorgsfullt og inspirerande miljø.*

I det pedagogiske arbeidet til Espira, og i dei pedagogiske miljøa, byggjer personalet på det barna er opptekne av og interesserte i. Alle barnehagar skriv årsplan for det pedagogiske arbeidet. I tillegg synleggjer kvar barnehage kva for prosjekt, tema og fagområde dei jobbar med, i planar og dokumentasjon av arbeidet.

Felles for alle Espira-barnehagane er at dei følgjer barnehagelova og rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Barnehagelova gir overordna føreseigner for tilbodet, mens rammeplanen gir retningslinjer for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

## Mat og måltid

I Espira ønskjer vi at barna skal tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar når det gjeld kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. Det barna et og drikk i barnehagen, utgjer ein stor del av kosthaldet deira. Barnehagen påverkar derfor i stor grad matvanane, kosthaldet og helsa til barna.

Dette ansvaret tek vi på alvor, og derfor har vi sett oss desse måla:

- Barna skal få alle måltid serverte i barnehagen (frukost, lunsj og eit enkelt ettermiddagsmåltid).
- Dei skal få tilbod om frukt, grønsaker og/eller bær til alle måltid.
- Vi skal leggje vekt på å skape god stemning og ha gode samtalar under måltida, og vi skal oppmuntre barna til å vere nysgjerrige på ulike mat og ulike smakar.

## Om barnehagen

Finnås Husmorlag starta barnehagen vår i 1984. I 2010 tok Espira over drifta og barnehagen skifta då namn til Espira Finnås barnehage. Me har halde til i noverande lokalar sidan 1992 og 2009. Barnehagen ligg i naturskjøne omgjevnader på Finnås i Bømlo kommune. Me har kort veg til skog og sjø, og er nærmaste nabo til Våge skule der dei aller fleste av "våre" barn skal gå. Me er ein avdelingsbarnehage med 3 avdelingar. Den eine av desse er småbarnsavdeling med barn i alderen 0-2/3 år. Me er ein privat barnehage og høyrer til Espira Barnehager AS. Mer informasjon om vår barnehage finn de på [www.finnas.espira.no](http://www.finnas.espira.no).

Følg oss gjerne på facebooksidan vår; «Espira Finnås».

For å søke plass: [www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no)

## Faktaboks

Opningstid: kl.06.30-16.45, 12 månader i året

- Opphaldstid: 40-100%, foreldrebetalinga følgjer dei statlege satsane
- Måltid: Full kost, med fokus på sunt kosthald.
- Me har 3 avdelingar(1 er småbarnsavdeling).
- Bleier, vogner og soveposar er inkludert.
- Førskulegruppe (Skulespirene), to dagar i veka
- Me er "Solsikkebarnehage" dvs. fadder for SOS barnebyer
- Me nyttar datasystemet "Spireportalen"
- Me har "forskarlab" frå Forskerfabrikken
- Me får gode tilbakemeldinger fra brukerundersøkelser for foreldre/foresette

Kontakt:

Hovudtelefon tlf: 53 42 49 42. På dagtid kan ein bli satt over til avdelingane/styrar.

Styrar: 92 20 49 43

Måsen: 47 46 80 95

Havørna: 92 08 96 59

Hegren: 92 05 14 46

## Kva er ein årsplan?

I rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen står det:

*Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.*

*Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis.*

## Innhold og oppgaver i barnehagen

### Barnehagens verdigrunnlag

Ifølge rammeplanen skal barnehagens verdigrunnlag formidles, praktiseres og oppleves gjennomgående i barnehagens pedagogiske arbeid. Rammeplanen konkretiserer verdigrunnlaget ved å løfte noen områder som skal prege barnehagens arbeid gjennomgående. Disse er: demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, bærekraftig utvikling og livsmestring og helse.

### Slik arbeider vi med barnehagens verdigrunnlag i praksis:

- Me er medvitne om at me er rollemodellar for barna.
- Me skal ha lik praksis på korleis me møter barna og deira foreldre/føresette, og for korleis me møter barn som treng ekstra støtte.
- Me skal involvere og inkludere barna i planlegging av markeringar og aktivitetar i barnehagen.
- Me skal lytte til barna sine ønskjer og forslag til innhald i barnehagedagen.
- Me skal møte barna med anerkjenning og respekt.
- Me legg vekt på at mangfold og ulik etnistitet beriker oss, og gjev oss kunnskap om andre kulturer og samfunn.
- Me er medvitne i høve til likestilling og likeverd i alt vi gjør i barnehagen.
- Me er medvitne i høve til bærekraftig utvikling, det skal komme til syne gjennom dei valga me tek i det daglege. Me er moa. sertifisert som Miljøfyrtårn
- Følger Espira's standarder for korleis me skal utøve jobben vår.
- Me er medvitne i høve til Espiras verdier og visjon. Dette skal komme til syne dagleg, fyrst og framst i samhandling med barna, men og i foreldresamarbeidet, personalsamarbeidet og samarbeidet med andre instansar.

Barnehagen er med i nasjonal satsing "Inkluderande barnehage- og skulemiljø".

## **Livsmestring og helse**

I rammeplanen står det at barnehagen skal ha en helsefremmende og forbyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremmes i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser eller mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette. Personalet skal ha et bevisst forhold til at barn kan være utsatt for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep og vite hvordan dette kan forebygges og oppdages.

### **Slik arbeider vi forebyggende og helsefremmende:**

-I Espira Finnås barnehage er me opptekne av at barna dagleg skal være i mykje aktivitet og bevegelse, både inne og ute. Me har eit stort og godt uteområde, og me går ofte turar i nærmiljøet. Me har ein god balanse mellom aktivitet og kvile. Dei yngste barna sover utandørs og dei eldre kviler og slappar av på andre måtar t.d. i roleg leik, samlingstunder, lesestunder osv. God fysisk helse er med på å fremje god psykisk helse.

- Alle barn skal ha en barnehagedag som er prega av venskap og toleranse for kvarandre og for at me kan være ulike. Alle barn skal ha venner, være ein venn og kunne halde på ein venn. Ved å jobbe konkret med dette fremjer me vennskap, toleranse, trivsel, livsglede og ikkje minst oppleving av eigenverdi.

- Me har nulltoleranse for mobbing/krenkingar. Me arbeider for å førebyggje slike hendingar, og har rutiner for korleis me skal følgje opp hendingar om me ser uønska atferd eller at barn fortel noko dei har opplevd. Me har eigen tiltaksplan for å sikre barna eit godt psykososialt miljø: "Barns trivsel- dei vaksne sitt ansvar". Barnehagen er med i nasjonal satsing "Inkluderande barnehage- og skulemiljø".

-Barna skal ha trygge vaksne kring seg. Ved mistanke om omsorgssvikt, vald og overgrep utførar me naudsynte tiltak i høve til dette.

-Me har eit godt system innan HMS som sikrar at me jobbar med helsefremjande rutinar, risikovurderingar og tiltak.



## **Barnehagens formål og innhold**

Ifølge rammeplanen skal barnehagens innhold være variert og allsidig og tilpasses enkeltbarn og barnegruppen. Arbeidet med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal ses i sammenheng og samlet bidra til barns allsidige utvikling. Rammeplanen har mål for personalets arbeid innen alle disse områdene.

### **Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg**

Personalet i barnehagen skal:

- ivareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og hvile
- legge til rette for at barna kan knytte seg til personalet og til hverandre
- sørge for at alle barn opplever trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen
- møte alle barn med åpenhet, varme og interesse og vise omsorg for hvert enkelt barn
- være lydhør for barnas uttrykk og imøtekomme deres behov for omsorg med sensitivitet
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til selv å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg selv og andre

### **Slik arbeider vi for å ivareta barns behov for omsorg:**

I Espira Finnås varetar me barnas behov for omsorg på mange måtar, både for det einskilde barnet og for gruppa. For at barna skal kunne utvikle eit positivt sjølvbilete, tillit til seg sjølv og andre, empati og nestekjærleik, er omsorg ein viktig føresetnad.

-Omsorg er å ta tid til å sjå behova til det einskilde barnet og gruppa som heilskap.

-Me er opptekne av at alle barna skal ha god tilknytning til vaksne og til andre barn. Me er medvitne på kor viktig dette er for barna si sosiale utvikling, og skal sjå til at alle barna har god vaksenkontakt i løpet av dagen.

-Me skal hjelpa barn som treng å få i gang gode samspel med andre barn og ha fokus på det dei meistrar.

-Når barna har gode vaksne som ser dei, og ønskjer å hjelpe, kring seg vil dette føre til at barna

kjenner seg sett, og kjenner tilhøyre til barnehagen. Alle har sin plass i fellesskapet.

-Me ser etter om barna trivst ved å sjå på kroppsspråket deira, ha samtalar, sjå etter glede og

humor osv. Me må og ha tett og god dialog med heimen til barna slik at me saman kan arbeide for at barna skal ha ein god og trygg kvardag.

-Fleire av dei tilsette har COS (circle of security) kurs

### **Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek**

Personalet i barnehagen skal:

- organisere rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typer lek
- bidra til at barna får felles erfaringer som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leketemaer
- fremme et inkluderende miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek
- observere, analysere, støtte, delta i og berike leken på barnas premisser
- veilede barna hvis leken medfører uheldige samspillsmønstre
- være bevisst på og vurdere egen rolle og deltakelse i barnas lek
- ta initiativ til lek og aktivt bidra til at alle kommer inn i leken

### **Slik arbeider vi for å ivareta barnas behov for lek:**

Leiken har ein sentral plass i barnehagekvardagen, og er den viktigaste aktiviteten til barnet. Me skal gje rikelig rom for den frie leiken, og leggje til rette for at barn får utvikle leikerepertoaret sitt. Leik er lystbetont for barna. Barna skal sjølv velja kva dei ønskjer og leika, og kven dei ønskjer og leika med. Samstundes er det viktig at alle har leikekameratar. Den vaksne si rolle i barnas leik, er mellom anna og hjelpe barn som står utanfor leiken. Me vert veldig godt kjent med barna når me er saman med dei i leiken, og me kan hjelpe dei til å meistre utfordringar eller å løysa eventuelle konflikhtar. Barn lærer og utviklar både ferdigheter og kompetanse gjennom leik. Leiken får ny næring i alt barna opplev, derfor må me sørgje for at barna får varierte og allsidige opplevingar i barnehagen. Barnet skal få støtte og rettleiing ut i frå alder og modning. Barnet skal kunne meistre og leika med ulike leikepartnarar. Barnet skal kunne ta initiativ til leik på ein positiv måte. Rolleleiken skal blomstra i barnehagen vår. Dei vaksne skal sørgje for rikeleg tid og rom for den frie leiken.

Personalet skal forstå leikens karakter, og ha kunnskap om leik, og kva leiken tyder for barnet. Dei vaksne skal delta aktivt i barnets leik. Dette tyder at ein kan vera både deltakar og observatør, og gå inn å rettleie og støtta barna dersom det er behov for det.



### **Barnehagen skal fremme danning**

Personalet i barnehagen skal:

- tilrettelegge for meningsfulle opplevelser og støtte barnas identitetsutvikling og positive selvforståelse
- støtte barnas aktivitet, engasjement og deltakelse i fellesskapet
- synliggjøre og verdsette ulike behov, meninger og perspektiver i fellesskapet
- legge merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiver og handlinger
- utfordre barnas tenkning og invitere dem inn i utforskende samtaler
- synliggjøre og fremheve mangfold og ulikhet som grunnlag for opplevelser, utforsking og læring

### **Slik arbeider vi for å fremme danning:**

Me skal være lydhøre overfor alle barna sine uttrykk gjennom kroppsspråk og verbalspråk. På den måten kan me ta fatt i barnet sine interesser og utvikle dette videre i høve til barnet sine behov. Barna vert oppmuntra til å fortelje om egne tankar, kjensler og opplevingar, og personalet varetek dei gode samtalanene. Me skal leggje grunnlaget for at barna skal utvikle gode ferdigheiter for kommunikasjon, refleksjon og konfliktløsning. Me skal syna våre grunnleggjande verdiar gjennom å være gode rollemodellar.

Me skal være aktive deltakarar i barna sin leik, og oppmuntra dei til varierte aktivitetar som gir god meistringskjensle. Me skal bidra til at barna kan utvikla tillit til seg sjølv og andre. Me skal nytta god tid i levere- og hentesituasjonar til å fortelje om barna sin kvardag.

Me er og med i Udir si nasjonale satsing for skule og barnehagar. Satsinga heiter "Inkluderande barnehage- og skulemiljø".

## **Barnehagen skal fremme læring**

Personalet i barnehagen skal:

- sørge for et inkluderende fellesskap og legge til rette for at barn kan bidra i egen og andres læring
- legge til rette for helhetlige læringsprosesser som fremmer barnas trivsel og allsidige utvikling
- være oppmerksomme på barnas interesser og engasjement og legge til rette for læring i ulike situasjoner og aktiviteter
- støtte og berike barnas initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet, læringslyst og tiltro til egne evner
- utvide barnas erfaringer og sørge for progresjon og utvikling i barnehagens innhold
- støtte barnas refleksjoner rundt situasjoner, temaer og fenomener og skape forståelse og mening sammen med dem
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevelser og erfaringer, utfordringer og mestringsopplevelser

## **Slik arbeider vi for å fremme læring:**

Barn lærer i all samhandling med andre. Me som vaksne må leggje til rette for og stimulere til læring. Me må hjelpa dei til å sjå samanheng i livet ved å vere til tilgjengelige og deltakarar i leik og aktivitetar. Me må undre oss og finna ut av ting i lag. Me må dela av kunnskapen vår og vere engasjerte i det som barna er opptekne av.

- Me skal ta barna sine ønskjer og innspel på alvor, ta del i deiras "tankesett"
- Me skal ha fokus på barn sin medverknad
- Me skal tilby ulikt materiell og bøker
- Være aktive i arbeidet med «Forskerfabrikken»
- Nytte området i og utanfor barnehagen til leik og andre aktiviteter som fremjer læring
- Studere naturen gjennom heile året.
- Være aktive, nysgjerrige, åpne og deltakande vaksne.
- Me skal ha ulike prosjekt- og temaarbeid avdelingsvis, i aldersgrupper og felles på tvers av alder.

## **Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap**

Personalet i barnehagen skal:

- støtte barnas initiativ til samspill og bidra til at alle kan få leke med andre, oppleve vennskap og lære å beholde venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andres perspektiv, se en sak fra flere synsvinkler og reflektere over egne og andres følelser, opplevelser og meninger
- støtte barna i å sette egne grenser, respektere andres grenser og finne løsninger i konfliktsituasjoner



- forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspillsmønstre

### **Slik arbeider vi for å fremme vennskap og fellesskap:**

- Me deltek i nasjonal satsing for inkluderande barnehage- og skulemiljø, og er med i «Være Saman» som er eit kompetansehevingsprogram. Alle barnehagane i Bømlo Kommune er med på dette.
- Alle barna i Espira Finnås skal ha vener å leike med. Alle skal kjenne seg verdsett og godtatt for den dei er.
- Me har nulltoleranse for mobbing og krenkingar, og har tiltaksplan for å forebyggje og handtere slike hendingar.
- Me jobbar med å styrke barn sin empati og sosiale kompetanse gjennom bruk av:
  - Smågrupper i ulike aktivitetar og leik.
  - Samlingar med innhald i høve til venskap og fellesskap.
  - Nyttar ulike pedagogiske opplegg som fremmer venskap og fellesskap, feks "Grønne tanker - glade barn"
  - Tilstedeværande vaksne som er aktive støttespelarar og rettleiarar i leiken.
  - Ha venskap som gjennomgåande tema/fokusområde gjennom året.
  - Vaksne skal oppmuntrar barna til å dele, ta omsyn til kvarandre osv.
  - Dei vaksne skal snakke med barna om korleis deira handlingar og væremåte kan påvirke andre på positiv og negativ måte.
- Auke barna sin kunnskap og forståing for at barn i ulike delar i verda har andre levevilkår enn norske barn. Espira er samarbeidspartnar med SOS Barnebyar og driv ein barnehage i Zimbabwe (Afrikaspirer). Me har solsikkefest kvar sommar til inntekt for denne barnehagen.



## **Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språk**

Personalet i barnehagen skal:

- anerkjenne og respondere på barnas ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtte deres språkutvikling
- stimulere barns verbale og non-verbale kommunikasjon og legge til rette for at alle barn involveres i samspill og i samtaler
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringer med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tanker og følelser
- være bevisst på sine roller som språklige forbilder og være lydhøre i kommunikasjon med alle barn
- følge med på barnas kommunikasjon og språk og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvansker, som er lite språklig aktive, eller som har sen språkutvikling
- bidra til at språklig mangfold blir en berikelse for hele barnegruppen, støtte flerspråklige barn i å bruke sitt morsmål og samtidig aktivt fremme og utvikle barnas norsk-/samiskspråklige kompetanse

### **Slik arbeider vi for å fremme kommunikasjon og språk:**

-Me jobbar med «Språkløyper», som er eit spanande kompetansehevingsprogram frå Udir(Utdanningsdirektoratet), som skal være til hjelp i arbeidet med språk og språkutvikling.

- Har samlingar kvar dag med song, musikk, dans, rim/regler, bøker, språkleker, dramatisering av eventyr osv
- Nytte kvardagssituasjonane til samtale med barna, feks under måltid, påkledning, samlingar, i leiken, på turer osv. Hjelpe barna med å settje ord på ting.
- Me vaksne må lese kroppsspråket til barna og ta dei på alvor.
- Me må ha "tidleg innsats" for å utvikle språkkompetansen hjå barna.
- Me må ha god og tidleg dialog med foresatte jmf. språkutvikling.

## Barns medvirkning

Rammeplanen sier at barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

### **Slik arbeider vi for å ivareta barns rett til medvirkning:**

- Me tek barna sine innspel på alvor.
- Me observerer ved å lytte på og sjå etter kva barna er opptekne av i leiken, i samtalanene sine, i innspel og forslag frå dei. Me skal bruke denne informasjonen i vidare planlegging.
- Me møter barna sin spontanitet og kan «velte» ein plan for å gjere noko anna som barna har meir lyst til der og då.
- Me skal ha barnemøter i større og mindre grupper. Tar barna med i planlegging av aktivitetar og andre gjeremål, t.d innkjøp av leiker og materiell.
- har barnesamtalar 1:1. Nokre barn snakkar helst åleine med ein vaksen.
- har god dialog med barna sine foreldre om kva dei ser barna er opptekne av i heimen.
- innreier og tilretteleggjar i romma etter ønske frå barna.
- Observerer dei yngste barna og dei som slit med å uttrykke seg verbalt, sjå etter kroppsspråket deira, noterer kva me ser og tar det med oss i planlegginga.
- Dokumenterer og reflekterer over praksisen vår slik at me heile tida er i utvikling og ser at me er «på rett veg».
- Tar barna med i refleksjonsarbeidet. Sjå gjennom bilete og anna dokumentasjon i lag med barna, samtale rundt kva som vart gjort, kva var kjekt, ikkje så kjekt osv.

## Samarbeid med foreldrene

Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene, jf. barnehageloven §§ 1 og 4. Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

### **Slik arbeider vi for å fremme et godt samarbeid mellom hjem og barnehage:**

- Me har fokus på at alle skal få ein god og trygg start og avslutning kvar einaste dag, både for barna og for foreldra.
- Me inviterer til oppstartsamtale med nye foreldre før barnet startar i barnehagen. Mange som sender barnet sitt til barnehagen for første gang er usikre på korleis ting er, korleis tilvenninga vil verte, kva dei må ha med seg osv. Denne samtalen er for å bli betre kjent og det kan skape tryggleik for foreldra. Foreldra gjev informasjon om barnet sitt til barnehagen.
- Me skal tilby overgangssamtaler til foreldre av barn som skal bytte avdeling.
- Me har brukerundersøking kvart år, ein frå Espira og ein nasjonal frå udir. Det er viktig at foreldra svarar på denne. Svare vert nøye gått gjennom på avdelingsmøter, og me nyttar resultatet og innspel aktivt i vidare planlegging.
- Me kallar inn til foreldresamtalar kvar vår og høst, og ellers ved behov/ønske.
- Me nyttar dataprogrammet "Spireportalen" som bindeledd mellom barnehagen og heimen i høve til skriftlig kontakt, planar, bileter osv. Dette verktøyet nyttar med til planlegging, dokumentasjon og vurdering/refleksjon.
- Samarbeidsutvalg med møtepunkter for styrer, foreldrerepresentanter og personalrepresentanter.



## Overganger

### **Når barnet begynner i barnehagen**

Rammeplanen sier at barnehagen, i samarbeid med foreldrene, skal legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet opplever tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære.

**Vi følger Espiras standard for tilvenning i barnehagen. Se vedlegg.**

### **Overganger innad i barnehagen**

Rammeplanen omtaler også overganger innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barn og personale når de bytter barnegruppe.

**Vi følger Espiras standard for bytte av avdeling. Se vedlegg.**

### **Overgang barnehage og skole**

